



SAKSHANDSAMAR  
Silje Hauge

VÅR REF.  
11/01494-8

ARK. P - Plansaker 2006-2019  
267,269,272 Lindås kom. - Ho

INNVALSTELEFON

DYKKAR REF.

DYKKAR DATO  
06.09.2019

TELEFAKS  
+47 22 94 04 04  
postmottak@ra.no  
www.riksantikvaren.no

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Att: Sigrun Wølstad

### Lindås kommune - Kommuneplanen sin arealdel 2019-2031 - 1. gongs høyring og offentleg ettersyn - Riksantikvaren sitt innspel- retting.

Vi viser til våre innspel om til kommuneplan for Lindås av 02.09.2019. Ved ein feil er Seim gamle kyrkjested utelate i dette innspelet. Det korrekte skal være at Riksantikvaren uttalar seg som kulturminnemyndighet etter kulturminnelova §§ 8, 9 og 15 for følgjande mellomalderkyrkjestader som er omfatta av planforslaget:

- Lindås kyrkjested, Askeladden id 84309
- Myking gamle kyrkjested, Askeladden id 156791
- Seim gamle kyrkjested, Askeladden id 144416

Mellomalderkyrkjestadane med sikringssone er automatisk freda kulturminne jf. kulturminnelova § 4.

#### Spesielt om Seim gamle kyrkjested:

Den gamle kyrkjestaden ligger som nedlagt kyrkjegard, og tufta etter ein tømmerkyrkje bygd ca. 1610 er framleis synleg. Området var i bruk som kyrkjegard fram til 1888. Mellomalderkyrkja var truleg ein stavbygning.

I likskap med Lindås og Myking gamle kyrkjested er Seim gamle kyrkjested korrekt markert som omsynssone d), H-730 i plankartet. Vi viser elles til våre innspel om at mellomalderkyrkjestadene må få eitt felles sett med føresegner, som refererer til dei freda kyrkjegardane/kyrkjebygga og reglane for gravlegging og presiserer at følgjande tekst også bør innarbeidast i føresegn for Seim gamle kyrkjegard:

*«Den mellomalderske kyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging.»*

*Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova.»*

Beste helsing

Isa Trøim (e.f.)  
seksjonssjef

Silje Hauge  
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjend

